



Besl. O. nr. 7

(2006-2007)

Odelstingsbeslutning nr. 7

Jf. Innst. O. nr. 4 (2006-2007) og Ot.prp. nr. 75 (2005-2006)

År 2006 den 16. november holdtes Odelsting, hvor da ble gjort slikt

vedtak til lov

om endringer i jordlova mv.

I

I lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) blir det gjort følgende endringer:

§ 6 skal lyde:

På vegne av staten skal Fylkesmannen, fylkeslandbruksstyret og kommunen arbeide med dei føremåla som er nemnde i § 1. *Dei skal mellom anna arbeide ut planar for korleis jorda skal nyttast, hjelpe til med førebuing av grunnutnyttingsplanar som vedkjem landbruket etter plan- og bygningslova og gjera det arbeidet som dei vert pålagde ved lov eller ved vedtak av departementet.*

§ 8 femte ledd skal lyde:

Om pålegg ikkje er etterkome når fristen er ute, kan departementet gjera avtale om bortleige av *heile eller delar av jorda* for ei tid av inntil 10 år.

Kap. VI blir oppheva.

§ 18 skal lyde:

Etter retningsliner fastsett av Stortinget, kan departementet fastsetja føresegner om fordeling og vilkår for utbetaling og *formidling* av tilskot etter jordbruksavtalen eller liknande tilskot, *herunder atterhald og avkorting av tilskot, utestenging frå ei ordning, og rente ved krav om tilbakebetaling.*

II

I lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsesretten blir det gjort følgende endringer:

§ 16 fjerde ledd skal lyde:

Jord som blir lagt til ein eigedom som *tilleggsjord går* inn under odell eller odling på den eigedomen jorda blir tillagt når *departementet* har godkjent kjøpet av di kjøparen bør få tilleggsjord, og jorda – dersom det er odelsjord – er gjort odelsfri i samsvar med reglane om odelsfrigjering.

§ 31 skal lyde:

I den mon odelsrett vil kunne skippe ei eigedomstileigning som *departementet har godkjent av di kjøparen bør få tilleggsjord kan departementet* fri slik jord for eldre odelsrett. Odelsfrigjering kan likevel ikkje skje andsynes dei som etter konsesjonslova § 5 første ledd nr. 1 kunne kjøpe eigedomen *konsesjonsfritt*, med mindre det gjeld eigedom der arealet er under 30 dekar, eller *det ikkje er tvil om at omsynet til odelsrettshavarane må vike av di eigedomstileigninga inneber ei god driftsmessig løysing.*

III

Lov 22. juni 1934 nr. 5 om midlertidige innførselsforbud m.v. blir oppheva.

IV

Lov 31. mai 1935 nr. 5 om adgang til å utferdige forbud mot omsetning av ustemplett kjøtt og skinn av tamrein blir oppheva.

V

Lov 16. juni 1939 nr. 10 om regulering av tilvirkning og omsetning av potetmjøl m.m. blir oppheva.

VI

Lov 13. desember 1946 nr. 23 om omsetning av pelsdyrskinn blir oppheva.

VII

Lov 31. mai 1974 nr. 20 om importavgift og råvareprisutjevning ved eksport (eksportrestitusjon) for produkter framstilt ved bearbeidelse av jordbruksråvarer blir oppheva.

VIII

Lov 22. desember 1999 nr. 103 om opphevelse av lov 5. februar 1965 nr. 2 om Statens Landbruksbank m.m. (Overføring av Landbruksbankens oppgaver til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond) blir oppheva.

IX

Ikrafttreding og overgangsføresegner

Endringane i lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) §§ 6, 8 femte ledd, 18 og opphevinga av kap. VI, samt endringane i lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten §§ 16 fjerde ledd og 31 trer i kraft frå den tid Kongen fastset. Det same gjeld opphevinga av lov 22. juni 1934 nr. 5 om mid-

lertidige innførselsforbud m.v., lov 31. mai 1935 nr. 5 om adgang til å utferdige forbud mot omsetning av ustemplett kjøtt og skinn av tamrein, lov 16. juni 1939 nr. 10 om regulering av tilvirkning og omsetning av potetmjøl m.m., lov 13. desember 1946 nr. 23 om omsetning av pelsdyrskinn, lov 31. mai 1974 nr. 20 om importavgift og råvareprisutjevning ved eksport (eksportrestitusjon) for produkter framstilt ved bearbeidelse av jordbruksråvarer og lov 22. desember 1999 nr. 103 om opphevelse av lov 5. februar 1965 nr. 2 om Statens Landbruksbank m.m. (Overføring av Landbruksbankens oppgaver til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond) blir oppheva.

Endringane får verknad for søknader som ikkje er avgjort før lova her tar til å gjelde. Det same gjeld om jorda er vanhevda før lova tar til å gjelde.

Jord som staten har kjøpt i medhald av jordlova, forkjøp, eller har oreigna for å seljast vidare som tilleggsjord, skal seljast vidare etter føresegnene slik dei var før lova tar til å gjelde.

Søknader om oreigning i medhald av jordlova § 14 som er innkomne til kommunen innan fem år frå endringa etter første ledd trer i kraft, skal handsamast og avgjerast etter føresegnene i jordlova slik dei var før lova tar til å gjelde.

Olav Gunnar Ballo
president

Henning Skumsvoll
sekretær